



Møteprotokoll

Utval:	Kommunalt fellesråd
Møtestad:	Formannskapssalen, Sande rådhus
Dato:	27.04.2026
Tid:	kl 9:30 - 12:00

Desse møtte

Jostein Gurskevik

Alvhild Kvamme Iversen

Jonna-Lise S. Gjerde

Mathias B. Gjerde

Per-Arne Hjelle

Jorunn Rusten

Representerer

UAV

NHF

AUT

SP

LHL

UAV

Funksjon

leiar

nestleiar

medlem

medlem

medlem

medlem

Forfall

Dagny Brekke

Representerer

UAV

Varamedlem

Representerer

Andre som møtte

Einar Ekroll

Røysteføre: 6

Møtenotater:

Frå administrasjonen møtte:

Lilly Arlen Kvalsund, kommunalsjef oppvekst og kultur

Kjell Hauge ingeniør, teknisk og landbruk

Jørn Velle Moldskred, kommunalsjef helse og omsorg

Elin Muren Rokstad, informasjonskonsulent/politisk sekretær.

Møtet slutt klokka 12.00

Til å lese gjennom møteprotokollen vart Mathias B Gjerde og Jonna Lise Skarmyr Gjerde valde saman med leiar.

Sakliste

Sak nr.	Sakstittel	Arkivsaksnr.
PS 14/26	Godkjenning av innkalling og sakliste	26/940
PS 15/26	Godkjenning av protokoll	26/940
PS 16/26	Orienteringar	26/940
OS 01/26	Orientering om heimetenestene	
PS 17/26	Referatsaker	26/940
PS 18/26	Skal Sande kommune nytte prioriteringsrettleiaren?	25/879
PS 19/26	Tenesteskildring for helse og omsorg i Sande kommune	25/879
PS 20/26	Framtidig organisering av oppvekststruktur i Sande kommune	26/403
PS 21/26	Endring av namnet på kommunalt fellesråd	26/940

Larsnes, 27.04.2026

Jostein Gurskevik
leiar

PS 14/26 Godkjenning av innkalling og sakliste

Vedtak:

Innkalling og sakliste godkjent utan merknad.

Behandling:

Nye saker som kom til i møtet:

- Forslag om å endre møtedag til tysdagar kl 09.30.
 - Forslag om endre namnet til rådet frå kommunalt fellesråd til "Rådet for eldre og personar med funksjonsvariasjonar".
- Forslaget vert behandla i eiga sak og sendt vidare til godkjenning.

PS 15/26 Godkjenning av protokoll

Vedtak:

Protokollen frå førre møte vart godkjent utan merknad.

Behandling:

Feil i protokoll frå førre møte:

Jorunn Rusten møtte ikkje. Ho står som oppmøtt.

PS 16/26 Orienteringar

Underliggende sak:

Saksnr.	Tittel
01/26	Orientering om heimetenestene

Vedtak:

Orienteringssaker vart samrøystes tekne til vitande.

OS 01/26 Orientering om heimetenestene

Behandling:

Kommunalsjefen orienterte utifrå innsende spørsmål frå medlemmane.

Kva med innsparingane på rus/ psykiatri - kan desse ressursane nyttast til ressurs for dagtilbodet på Øya?

Kommunalsjefen svara: Innsparinga er gjennomført. Innsparinga kan ikkje overførast til Øya før forpliktande plan for kommunen er godkjent.

Korleis verkar innsparingstiltaka inn på heimetenestene sitt arbeidsområde og på kvaliteten på tenestene som rus/psykiatri skal gi ?

Kommunalsjefen svara: Meirarbeid i heimetenesta på helg ved utlevering av faste medisinar. Kvaliteten på tenesta i rus/psyk kan bli auka pga fleire på jobb i dagvakter. Kvaliteten kan verte redusert på ettermiddag og kveld ettersom tenesta ikkje er "open" då.

Kva er planen for tilbod til heimebuande demente dersom tilbodet på Øya ikkje skal finnast lenger? Det er ingen lov som pålegger kommunene å opprette og drive dagsenter for eldre generelt, men personar med demensdiagnose har eigne rettigheter til oppfølging. Korleis er dette tenkt?

Kommunalsjefen svara: Tilbod er under planlegging, med eit tilbod 3 dagar i veka. Vert ikkje nødvendigvis på Øya. Ein del av tenesta kan erstattast med støttekontakt. Er eit lovpålagd tilbod som kommunen må følge opp.

Kva kostar det å vere på Øya og kva får dei for den prisen?

Kommunalsjefen svara: Øya – 80 kroner uten mat, 120 kroner med mat.

Er det snakk om at ta vekk den fat nattevakta på Solsida?

Kommunalsjefen svara: Dette vert løpande vurdert, det som er viktig for framtida er at vi må organisere arbeidet slik vi ikkje treng fleire nattevakter. Vi har ikkje konkrete planar om færre.

PS 17/26 Referatsaker

Underliggende sak:

Saksnr.	Tittel
03/26	NOU 26:1 Ein berekraftig kommunesektor
04/26	Høyringssvar til NOU 26:1 Ein berekraftig kommunesektor

Vedtak:

Referatsaker vart samrøystes tekne til vitande.

PS 18/26 Skal Sande kommune nytte prioriteringsrettleiaren?

Vedtak:

1. Sande kommunestyre vedtek å ta i bruk den nasjonale rettleiaren «Prioriteringar i kommunale helse- og omsorgstenester» (Helsedirektoratet, april 2025) som grunnlag for prioriteringsarbeidet i kommunen sine helse- og omsorgstenester.
2. Kommunedirektøren får i oppdrag å innarbeide dei tre prioriteringskriteria – nytte, ressurs og alvorlegheit – i sakshandsaming, vedtaksarbeid og plan- og budsjettprosessar i helse- og omsorgstenesta, og legg fram ei statusorientering om implementeringsarbeidet i samband med budsjetthandsaminga for 2027.

Behandling:

Kommunalsjef helse og omsorg Jørn Velle Moldskred orienterte i saka.

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak vart samrøystes tilrådd.

Kommunedirektøren si tilråding:

1. Sande kommunestyre vedtek å ta i bruk den nasjonale rettleiaren «Prioriteringar i kommunale helse- og omsorgstenester» (Helsedirektoratet, april 2025) som grunnlag for prioriteringsarbeidet i kommunen sine helse- og omsorgstenester.
2. Kommunedirektøren får i oppdrag å innarbeide dei tre prioriteringskriteria – nytte, ressurs og alvorlegheit – i sakshandsaming, vedtaksarbeid og plan- og budsjettprosessar i helse- og omsorgstenesta, og legg fram ei statusorientering om implementeringsarbeidet i samband med budsjetthandsaminga for 2027.

PS 19/26 Tenesteskildring for helse og omsorg i Sande kommune

Vedtak:

Kommunestyret vedtek tenesteskildring for helse- og omsorgstenestene i Sande kommune, datert 2025. Tenesteskildringa gjeld frå vedtaksdato og vert revidert ved behov, minimum kvart andre år. Revisjonsansvaret ligg hos kommunalsjef for helse og omsorg.

Kommunalt fellesråd bed om at det ved neste revisjon av tenesteskildringar vert lagt inn omsyn til FN-konvensjonen om rettighetene til menneske med nedsett funksjonsevne.

Behandling:

Kommunalsjef helse og omsorg Jørn Velle Moldskred orienterte i saka.

Framlegg til tilleggspunkt sett fram av Alvhild Kvamme Iversen:

- Kommunalt fellesråd bed om det ved neste revisjon av tenesteskildringar vert lagt inn omsyn til FN-konvensjonen om rettighetene til menneske med nedsett funksjonsevne.

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak saman med tilleggspunktet vart samrøystes tilrådd.

Kommunedirektøren si tilråding:

Kommunestyret vedtek tenesteskildring for helse- og omsorgstenestene i Sande kommune, datert 2025. Tenesteskildringa gjeld frå vedtaksdato og vert revidert ved behov, minimum kvart andre år. Revisjonsansvaret ligg hos kommunalsjef for helse og omsorg.

kl 11.30: Jorunn Rusten gjekk frå møtet

Røysteføre: 5

PS 20/26 Framtidig organisering av oppvekststruktur i Sande kommune**Vedtak:**

Ingen tilråding i saka.

Behandling:

Kommunalsjef oppvekst og kultur Lilly Arlen Kvalsund orienterte i saka.

Kommunedirektøren si tilråding fekk 2 røyster og fall.(Gurskevik, Skarmyr Gjerde)
3 røysta imot.

Kommunedirektøren si tilråding:**1. Skulestruktur**

- Gursken skule (1.-7. trinn) Larsnes skule (1.-7. trinn) vert slått saman til ny felles barneskule i Gursken, frå og med januar 2027.
- Kvamsøy skule (8.-10. trinn) blir flytta til ny felles ungdomsskule i Gursken (8.-10 trinn), frå og med januar 2027.
- Kvamsøy skule (1.-7. trinn) held fram i noverande lokale, men blir organisert under felles leing og administrasjon med ny samanslått skule i Gursken.

2. Barnehagestruktur

Barnehagestrukturen vert uendra, men kommunedirektøren vil innanfor arbeidsgivar sin styringsrett vurdere ny administrativ organisering av tenesta.

3. Kulturutvikling

- Kulturskulen blir flytta til Larsnes skule. Lokala i Gursken kan framleis nyttast til musikk- og aktivitetsrom for SFO.
- Kommunen skal, i samarbeid med frivilligsentralen, lag og organisasjonar og flyktingtenesta, vurdere om tidlegare Larsnes skule kan utviklast til ein aktivitetsbase for kultur, ungdom, frivilligheit og idrett.
- Ei eventuell flytting av biblioteket blir utsett, i påvente av ei breiare vurdering av framtidsretta biblioteksdrift, inkludert:
 - interkommunalt samarbeid
 - «Meiråpent»-løysing med beteningsfri opningstid
 - framtidig lokalisering

4. Budsjett og økonomiplan legg til grunn ei innsparing på 2,5 millionar kroner knytt til oppvekststrukturen i 2026. Ei utsetjing av endringane til januar 2027 inneber at innsparingskravet må realiserast i skulen gjennom redusert bemanning frå hausten 2026.

5. Kommunedirektøren får mynde til å legge korrigerert forskrift om skulekrinsgrenser på høyring, i tråd med kommunestyret sitt vedtak.

PS 21/26 Endring av namnet på kommunalt fellesråd

Vedtak:

Rådet tilrår :

Kommunestyret vedtek at kommunalt fellesråd får endra namnet på rådet til rådet for eldre og personar med funksjonsvariasjonar.

Behandling:

Rådet kom med forslag om nytt namn på rådet, som vart samrøystes tilrådd.